

Utviklingsstipend – gateaktivitet

Hordaland fylkeskommune deler kvart år ut utviklingsstipend til unge utøvarar. Frå 2017 vert det delt ut eit nytt stipend - til ein utøvar innan gateaktivitet, som t.d. skating, dans, parkour el.l.

Søknadsfrist 1. oktober

Søknaden skal vere ein film på 3-5 minutt der utøvaren viser sin aktivitet og fortel kva mål dei har for utvikling i sin aktivitet og kva dei ønskjer å bruke eit stipend til. Filmen kan lastas opp på Youtube eller Vimeo.

Føremål

Målet med stipendet er å gje ein person, ei gruppe eller eit miljø høve til å vidareutvikle seg innan den aktuelle aktiviteten, og vere ein stimulans til vidare satsing.

Omfang

Hordaland fylkeskommune tildeler eitt utviklingsstipend innan gateaktivitet, på 30.000,- Ein person kan berre motta stipendet ein gong. Stipendet kan nyttast til inspirasjonsreiser, utstyr, kurs eller anna knytt til utviklinga av søkjaren sin aktivitet.

Kriterium

Ved tildeling av stipend vil desse kriteria verta lagde vekt på:

- Prestasjonar
- Potensiale
- Planar for vidare satsing
- Aldersgruppe: 16 – 25 år

Søknad

Utøvar, gruppe eller miljø kan sende søknad på elektronisk søknadsskjema via www.hordaland.no/tilskot

Tildeling

Det vert sett ned eit utval for bistå fylkesrådmannen med å gje ei innstilling til utval for kultur, idrett og regional utvikling. I utvalet sit representantar frå Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Olympiatoppen Vest, Ungdommens fylkesting og ein med utøvarerfaring.

Mottakaren skal innan påfølgande år gje ein kort skriftleg rapport om korleis stipendet har vore nytta. I tillegg kan det vere aktuelt å bidra dersom fylkeskommunen har arrangement der gateaktivitet skal fremmast.

Søknadsskjema sendast i tillegg til video, og skal innehalde;

- Førenamn
- Etternamn
- Mobilnummer
- Epostadresse
- Postadresse
- Skattekommune